

NB! Det er nytt fra fakultetet at vi publiserer dette dokumentet.

Alle dokumenter i forbindelse med den nye prøveordningen vil bli vurdert underveis, og eventuelt revidert på slutten av semesteret.

RETNINGSLINJER FOR RETTING AV KURS- OG FAKULTETSOPPGÅVER

Desse retningslinjene gjeld for rettarar av kurs- og fakultetsoppgåver ved Det juridiske fakultet i Oslo. Dei er innført til hjelp for rettarane og dermed for studentane. Begge gruppene kan då vite kva det er rimeleg å krevje av rettemåtar og kommentarar til oppgåvesvar. Retningslinjene skal ikkje følgjast slavisk, men må tilpassast den enkelte oppgåva. Det som blir sagt nedanfor gjeld særleg praktiske oppgåver, men mykje vil og gjelde for teorioppgåver og mellomformer.

Formålet med oppgåveretting

Formålet med rettinga tar utgangspunkt i formålet med rettsstudiet, som er: Å lære å stille, analysere, vurdere (drøfte) og ta standpunkt til rettsspørsmål. Rettinga skal vere med å underbygge dette overordna formålet. Dermed blir formålet med rettinga todelt: For det første å gi ein karakter eller rapport om kor god oppgåveløysinga er, og for det andre, og det er det viktigaste: Å gi studenten grunnlag for å forbetre seg som jurist og dermed som eksamensskrivar.

I kommentarane må ein ta omsyn til kor kort i studiet studenten er komen. Hugs at knapt utforma kritikk kan verke vel skarpt på lesaren. Kommentarane skal ha ei sakleg form.

Verkemidla i rettinga

Rettaren har tre sentrale verkemiddel

- 1) Løpande kommentarar
- 2) Sluttkommentar
- 3) Rettleiande karaktersetting

Alle desse tre skal brukast. Men ut frå formålet med rettinga er dei to første – og samspelet mellom dei – det viktigaste. Det skal alltid skrivast sluttkommentar som peikar på kva som er bra i oppgåvesvaret og på forbetningspunkt.

Løpande kommentarar

Forholdet mellom løpande kommentarar og sluttkommentar kan varierast noko. Det meste som er sagt nedanfor om innhaldet i sluttkommentaren gjeld òg for løpande kommentarar. Men løpande kommentarar bør særleg framheve om studenten formar gode eller dårlege problemstillingar, om det som er skrive heng logisk saman, om drøftingane er gode og om noko av juss eller faktum er misforstått eller godt tenkt.

I nokre tilfelle kan det vere grunn til å vise korleis noko kunne ha vore gjort på ein betre måte, men òg å nemne konkret når noko er handtert bra. Generelt er det lett å gjere negative kommentarar meir konkrete enn dei positive. Det bør ein ta omsyn til i kommenteringa. Kva for element ein skal gripe fatt i for forbetring, er avhengig av kor bra oppgåveløysinga er og litt avhengig av kor langt i studiet studenten er komen.

Også godt eller dårleg språk kan ein kommentere på, eventuelt iallfall gjennom nokre sider.

Sluttkommentar

I alle retta oppgåver skal det skrivast ein sluttkommentar. Den bør lagast på grunnlag av følgjande 6 punkt som alle skal kommenterast. Det enklaste er å kopiere inn desse punkta i slutten av oppgåvesvaret for då hugsar ein å kommentere på alle punkta. For enkelte av punkta kan kommentaren vere svært kort, eventuelt med ei tilvising til løpande kommentarar, i så fall med sidetal. Dei 6 punkta er:

Problemstillingar:

Juridiske kunnskapar:

Rettskjeldebruk:

Drøftingar:

Framstillingsmåte:

Generelt:

Utfyllande merknader til dei enkelte tema for sluttkommentaren

Problemstillingar:

Her skal ein skrive om korleis studenten reiser dei spørsmåla som skal diskuterast, så som forholdet til uttrykkjelege spørsmål, reiste krav, anførte grunnlag etc. Alt som er spurd om skal ein svare på. Til dømes skal alt som er anført takast opp og drøftast. Elles skal ein berre svare på det som naturleg reiser seg fordi det er faktiske opplysningar som kan brukast i ein praktikumtekst. I ei teorioppgåve skal ein kommentere på om studenten finn fram til gode og relevante problemstillingar å drøfte. Det er eit særskilt poeng å framheve at heller ikkje teorioppgåver er reine kunnskapstestar. Også disposisjonen av svaret kan kommenterast her, og ein kan vise til sensorrettlegg. I nokre tilfelle kan ein lage ein kort og enkel disposisjon og lime den inn i dokumentet til hjelp ved studentens etterarbeid.

Juridiske kunnskapar:

Her skal ein kommentere kunnskapsnivået og forståinga av jussen. Erfaringa er at det ofte ikkje er her studentane har størst manglar, men det hender sjølvsagt. Det kan òg vere aktuelt å vise til litteratur som studenten bør arbeide meir med.

Rettskjeldebruk:

Dette er eit av dei viktige og litt kresne forbetningspunkta, særleg for dei som har kunnskapar, men som ikkje utleier svara av rettskjeldene, men berre hugsar frå bøker og førelesingar. Her skal ein kommentere lovtolking, bruk av rettspraksis, generelle prinsipp, etc. Minne studentane om at dei ikkje skal sitere heile ordlyden i lova f.eks., men berre relevante ord. Seie noko om bruk av rettspraksis når rettaren veit studentane har domssamling etc.

Drøftingar:

Her skal ein kommentere korleis studenten drøftar spørsmål – særleg i praktikum. Viktig her er å få folk til å skilje mellom og vekte dei ulike momenta, og å halde dei frå einannan. Særleg viktig er det å ta eitt og eitt poeng om gangen. Eit godt tips er å seie til folk at dei skal prøve å vere advokat først for den eine sida, så for den andre, - og så til slutt dommar.

Framstillingsmåte:

Her skal ein kommentere kor godt kandidaten skriv, språkleg og logisk. Presisjonsnivå må framhevast. Alltid bruke fullstendige setningar, bruke vanlege forkortingar, stave riktig osv. (Dette kan òg ofte høve betre i løpande merknader)

Generelt:

Her skal ein kommentere kva av det som er nemnt ovanfor som er mest viktig, kva studenten særleg bør arbeide med for å forbetre sine oppgåvesvar.

Karakter

Gi ein rettleiande karakter, gjerne nyansert for dei enkelte delane av oppgåvesvaret.